Førsteblad

/

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9. Fylke: Austagder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Holt

Emne: Lauving Bygdelag: Dalen

Oppskr. av: Lars Fosstveit Gard: Fosstveit

(adresse): Holt um Tvedestrand G.nr. 57 Br.nr. 17.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Begge deler.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Holt har det vore lauva so lenge folk veit om. Og det er so enno. Ikkje netto avdi dei har forlite høy. Men lauvet reknast mest som „sukker på maten" – noko i retning av kraftfor når det vert blanda inn mellom det andre foret. No då arbeidskrafta er so dyr er det mindre lauving på kvar gard. Men det er få gardar som ikkje lauvar noko.

Ein kan vel segja at all lauvinga fell mellom slåtten og skurden (skuren) Treslaga her er alm, or, ask, rogn litt björk, men serleg osp som det veks mykje av. Trea vert som regel bare kjölla (eller kjöllt båe former brukast) D.v.s. ein hogg eller sagar av dei mindre kvistane. Ein reknar med at eit tre som vert kjölla tåleg skånsamt, kan kjöllast kvart 4de år.

Til kjölling brukast mest öks – men også sag – og sigd um greinane er noko små.

Til å hakke lauvet av kvistane

2616

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

brûker ein mest lauvsigd.
Sjølsagt kunde dét at ein hogg eller styver ned eit tre. Men dét kunde jû berre om ein samstundes med lauvet trong trevt til ved eller anna virke. Elles högg ein ikkje ned eit grott lauvingstre. For ein drep ikkje den hona som legg gullegg. Og gjorde ein enkelte tre brûkast eldri lev.
I eldre tid vart lauvet alltid Kjerva. Og ofte lagt på lauvhjell.
Den vart laga soleis:
Ein tok to lange staker eller stangler. Dei la ein parallelt innpå greinane på ett tre med eine enden. Andre enden av stanglene la ein på eit ståd som vart sett ûpp av ein eller to stolpar soleis:


set frå enden

Her la ein so Kjervane i lag til turk. Det hende at Kjervane vart liggande slik ûtover vinteren. I so fall la dei eit tak av granbar ûppå kjervane.
Kor högt lauvhjellen låg över marka retta seg etter kor högt dei lövelegaste Kvistane på eit tre stod, dei som eine enden av stanglane skulde leggjast på. Det var frå ca. 1/2 til över 1 m.
I dei seinare år brûker ein mest å turke lauvet på vollen ûtan Kjerving — og so köyra dét inn

2616
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i tron som höyet.

Lauvet legg ein helst på eit tre eller eine annan stad der ikkje kalvane vert liggjande ivegen når ein kjem inn.

Det er mest mannfolka som driv og lauver. Men der det trengs tek ogso kvinnfolka eit tak med.
Då gjeng det straks mykje lettare – og kanskje litevetta raskare og – veit du!

Ein kjöller tre både i skogen og i innmarka. Men ein held seg helst langsmed jordene i skogkanten solenge der er noko å ta.

Alm, or og ask vert rekna for det beste lauvet. Men osp er det mest av.
Föi spara dei almen avdi borken kunde brukast til folkemat i tronge tider.

I eldre tid var der ogso nokre som raka askelauv saman med kåren og kesja det.

Nokre få stader der det var myrslått var det ogso samslått og samlauving.
Då kjöllte ein eller to mann trea medan resten av karane samt kvinnfolk og ungar brukte lauvsiglane og la kjervane tilrette.

Samlauvinga i "utslåtten" kan i eitpar höve vore praktisera soleis, at "sameigarane" etter tur slo og lauva kvar sitt år.

Dette er heilt slutt med for minst 80 år sidan.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kjervane var visst tald som me teller no. Ein berre nemnde det talet som var, utan å dele det i store hundra o.s.b.

Enkelte rekner i Sveis (20.)

Det segjast at nokon før i tida raka saman noko av det lauvet som fall av epletre og andre frukttre og proppet i grisane. Det er og heilt slutt no. Slikt lauv kallast rakstelauv. Um nokon samler denslags lauv saman so er det helst for å kåjera det i møttinga-gjødselkjellaren.

Då lauvet vert bruka helst som ein avveksling i kosten ~~som~~ det verkar litt som kraftfor, er der ingen fast regel for kor ofte eller kor nøykje ein skal gje feet. Det kjem no helst an på kor nøykje lauv ein har å rutte med.

Dersom bestane får noko lauv so er det berre ospelauv.

2616

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING